

**Notat**

Dato: 17.01.2019  
Arkivsak: 2017/17410-5  
Saksbehandlar: evevaul

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Trafikksikker fylkeskommune - svar på oversendingsforslag

### Bakgrunn

#### [Interpellasjon og oversendingsforslag desember 2017](#)

Anne-Beth Njærheim (V) sendte inn interpellasjon om trafikksikker fylkeskommune til fylkestinget i desember 2017. På vegner av Venstre fremja Njærheim forslag om utarbeiding av ei politisk sak som ser på kva det vil innebere for fylkeskommunen å verta godkjent som ein *trafikksikker fylkeskommune*. Dette skulle sjåast i samheng med samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane.

I Fylkesrådmannen sitt svar på interpellasjonen står det mellom anna:

«Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er no i prosess med ei samanslåing frå og med 1. januar 2020. Regionreforma er svært omfattande, og vil i stor grad prege arbeidet på regionalt nivå i fireårsperioden 2018-2021. Det er likevel viktig at det ved etablering av ein ny region vert fastsett gode rutinar for trafikksikringsarbeidet. Trygg Trafikk sine kriterium for Trafikksikker fylkeskommune vil slik sett kunne vere ei viktig rettesnor for dette arbeidet.»

Interpellasjonen vart handsama i sak PS 129/2017. Her vart følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen sett fram:

«Det skal utarbeidast ei politisk sak der ein kan få utgreidd kva det vil innebere for Hordaland fylkeskommune å bli godkjent som ein trafikksikker fylkeskommune.»

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

#### [Handlingsprogram \(2018-2021\) til Regional plan for folkehelse \(2014-2025\)](#)

I vedtatt handlingsprogram (2018-2021) til Regional plan for folkehelse (2014-2025)<sup>1</sup> er Trafikksikker fylkeskommune sett opp som tiltak. Her heiter det (i tiltak 2.13):

---

<sup>1</sup> Handlingsprogrammet vart vedtatt i fylkesutvalet 1. februar 2018.

«Hordaland fylkeskommune har mål om at Hordaland fylkeskommune skal jobbe mot å bli godkjent som trafiksikker fylkeskommune innan planperioden.»

Samferdselsavdelinga er sett som ansvarleg for gjennomføring av tiltaket. Periode for gjennomføring er sett til 2019-2022.

### Spørsmål i fylkesutvalet, 25. oktober 2018

I fylkesutvalet 25. oktober 2018 etterlyste representant Anne Beth Njærheim (V) saka om Trafiksikker fylkeskommune, som var venta etter vedtak av oversendingsforslag i desemberinget 2017.

Fylkesrådmannen vil beklaga at ein ikkje har vore merksam på oversendingsforslaget og fylgt det opp tidlegare.

Denne saka skal svara ut oversendingsforslaget.

## Vegen mot å verta ein Trafiksikker fylkeskommune

### Om godkjenningsordninga

Trafiksikker fylkeskommune er eit organisatorisk trafiksikringstiltak, som skal syta for at fylkeskommunen jobbar heilskapleg og systematisk med trafiksikring innanfor og på tvers av eigne ansvarsområde.

Godkjenningsordninga skal sikra at fylkeskommunen får på plass gode rutinar for eiga verksemd og at fylkeskommunen også nyttar sin posisjon som regional kultur- og næringsmyndigheit til å fremma trafiksikring ovanfor andre aktørar.

Ei godkjenning som Trafiksikker fylkeskommune varar i tre år. Godkjenninga er bygt på innsendt dokumentasjon og eit godkjenningmøte, der fylkeskommunen si leiargruppe samt hovudverneombod er representert. Å møte kriteria krev ei brei forankring av arbeidet i heile organisasjonen.

Oppland fylkeskommune vart i oktober 2018 godkjent som Trafiksikker fylkeskommune. Oppland er med det første fylkeskommune i landet som har denne godkjenninga. Trafiksikker fylkeskommune slektar på godkjenningsordninga Trafiksikker kommune, og har blitt til gjennom mellom anna påtrykk frå det fylkeskommunale samferdselskollegiet. Det er tatt utgangspunkt i godkjenningskriteria for Trafiksikker kommune, det ein har sett på kva ein kan forventa at kommunane har på plass av planar og rutinar for trafiksikring ut frå gjeldande lov og regelverk. Desse kriteria er for Trafiksikker fylkeskommune omarbeidd og tilpassa fylkeskommunen sine ansvarsområde. Oppland fylkeskommune har, som pilotfylke, hatt ei viktig rolle i denne utforminga. Trygg Trafikk Hordaland og Hordaland fylkeskommune har bidratt i utforming av kriteria for samferdsel.

### Kriterium for godkjenning

Kriteria som må møtast for å kunne verta godkjent er delt etter følgjande kategoriar:

1. Overordna (kriterium som ikkje er sektorspesifikke)
2. Vidaregåande opplæring
3. Kultur
4. Samferdsel og kollektivtrafikk
5. Plan
6. Folkehelse
7. Næring
8. Bygg/anlegg/eigedom

Oversikt over alle kriteria er lagt ved saka<sup>2</sup>. Kriteria krev at trafikksikringsarbeidet er forankra i politisk og administrativ leiing og ut i ulike avdelingar og einingar. Trafikksikringsarbeidet skal inngå i interne styringsdokument, rutinar og planverk, ligga til grunn for tenestekjøp og eigedomsforvaltning, med meir. Vidaregåande skule vert ein viktig arena, og arbeidet med Trafikksikker fylkeskommune skal forankrast på kvar einskild skule. Fylkeskommunen har gjennom tilskotsforvaltinga moglegheit til å stilla krav til tilskotsmottakarane, og slik vera pådrivar for auka medvite om trafiktryggleik hjå lag og organisasjonar.

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Skal Trafikksikker fylkeskommune ha verknad som tiltak, må arbeidet og prinsippa som konseptet legg opp til, verta godt forankra og innarbeidd i heile organisasjonen. Organisasjonen er midt i det store arbeidet med å førebu fylkessamanslåinga frå 1. januar 2020. Den samtidige avviklinga av sams vegadministrasjon, der fylkeskommunen skal overta drift og forvaltning av fylkesvegnettet frå Statens vegvesen, er også ein del av dette biletet. I tillegg skal organisasjonen syta for at ordinær drift vert oppretthalde. Samla arbeidsbelastning, men også omfanget av organisatoriske endringar som følgjer dei nemnte prosessane, gjer at Fylkesrådmannen meiner det per no ikkje er forsvarleg å gå i gang med ytterlegare eit organisatorisk utviklingsprosjekt.

Gjennom vedtak av handlingsprogram (2018-2021) til Regional plan for folkehelse (2014-2025) skal Hordaland verta ein Trafikksikker fylkeskommune. I realiteten er det Vestland fylkeskommune som må verta Trafikksikker fylkeskommune, om me skal gjennomføra tiltaket. Det krev ei forankring i prosessane opp mot fylkessamanslåinga. Fylkesrådmannen vil jobba for at Trafikksikker kommune vert eit utviklingsprosjekt i Vestland fylkeskommune, som kan ta til når den nye organisasjonen har fått sett seg.

### Vedlegg

#### 1 Kriterium Trafikksikker Fylkeskommune - 6. juni 2018

---

<sup>2</sup> Ein tar atterhald om at det kan kome mindre endringar i kriteria, då Trafikksikker fylkeskommune enno er eit ganske ferskt konsept.